

smiso



Incestskal talast i hel – ikkje teiast i hel

Informasjon om grunnskuleundervisning

Smiso Sogn og Fjordane





smiso 

Senter mot incest og seksuelle overgrep i Sogn og Fjordane

Innholdsliste

04

Forord

05

Vårt undervisningsopplegg

08

Kunnskapsmål og handlingsmål for undervisninga

10

Teorigrunnlag

Vedlegg

01

Til Rektor

02

Til Kontaktlærer

03

Til Foreldre/Føresette

04

Til Barneværnstenesta

05

Beredskapsplan

Forord

Dei siste års mediafokusering synar eit skremmande bilete av overgrep mot barn. Nesten dagleg rullar nye overgrepssaker over TV-skjermen, vi kan lese om det i avisa eller høyre om det i radio. Omfanget av seksuelle overgrep er i dag så omfattande at Verdens helseorganisasjon (WHO) definerer det som eit folkehelseproblem. Seksuelle overgrep og krenking av barn og unge vekker sinne og avsky hos dei fleste av oss. Det er ein kriminell handling, som kan skade barnet sin utvikling kognitivt, emosjonelt og sosialt og gje barn og unge varige skadar.

Dagens bruk av sosiale media og internett bidreg til ei auke av omfang av seksuelle overgrep. Mange barn og unge opplev og vald i heimen. Det er viktig at barn og unge som opplev vald og overgrep får hjelp til å snakke med ansvarlege og trygge vaksne om dei konsekvensar og problem dette kan føre med seg.

Skulen og barnehagen er viktige arenaer for førebygging og avdekking av vald og overgrep mot barn og unge. I FN-rapporten om vald mot barn (Violence Against Children, Pinheiro 2006), er det eit tydeleg fokus på vald i heimen og vald på skulen. Den sentrale oppmodinga i rapporten er retta mot skulen og lærarar i forhold til å løfte kunnskap om vald inn i elevane si opplæring.

I Stortingsmelding 15 (2012 – 2013) Forebygging og bekjempelse av vold i nære relasjonar. «Det handler om å leve», kjem det fram at regjeringa vil styrke skulen si rolle i førebygginga av vald i nære relasjonar. Den påfølgande handlingsplanen (Et liv uten vold. Handlingsplan mot vald i nære relasjonar, 2014 – 2017) fastslår at barnehagen og skulen har ei sentral rolle i å bidra til både å avdekke og førebygge vald og overgrep. Strategidokumentet er eit resultat av samarbeid og samordning mellom fire departement (Barndommen kommer ikke i reprise. Strategi for å bekjempe vald og seksuelle overgrep mot barn og ungdom (2014-2017), og følger opp ved å legge inn nye kompetansemål i skulen sine læreplanar frå skuleåret 2013/2014 som «legger vekt på å lære barna å utvikle kritiske haldningar til vald, krenkingar, vald knytt til seksualitet og vald i nære relasjonar» (s.102). Norske styresmakter har gitt skulen eit viktig ansvar i samband med førebyggjande tiltak mot vald og seksuelle overgrep. Dei skal utgjere og stå for dei viktigaste arenaene for førebygging av vald og seksuelle overgrep.

Dialog og arbeid på dette feltet føreset at skulane og lærarane har tilgang til oppdatert informasjon og veit om undervisningsopplegg som kan nyttast. I dette heftet vil vi informere om kva Smiso SF kan bidra med til grunnskulane i Sogn og Fjordane. Smiso SF starta med førebyggjande undervisning på grunnskulane i fylket i 2013. Vårt primær- og sekundærførebyggjande arbeid er utarbeida av Incestsenteret i Vestfold. Dei har fått dette evaluert og kvalitetssikra av seniorrådgjevarar frå Barneombodet, i tillegg har Regionalt ressurscenter om vald, traumatisk stress og selvmordsforebygging, region sør (RVTS Sør) i 2012 gått gjennom det utarbeida materialet og gitt det sin anbefaling. RVTS Sør vurderer det faglege og etiske innhaldet i undervisninga som godt. RVTS Sør anbefalar at undervisninga vert nytta i alle kommunar, under føresetnad av god opplæring og kvalitetssikring av dei som skal vere ansvarlege for undervisninga (Ivar Kjellevik og Inger Lise Andersen, leiar og seniorrådgjevar RVTS Sør). Smiso SF har i tillegg fått RVTS Vest ved Inge Nordhaug til å kvalitetssikre undervisningsopplegget.

Førde mai 2017, Senter mot incest og seksuelle overgrep Sogn og Fjordane

Vårt undervisningsopplegg

Regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging, region sør (RVTS Sør) har på oppdrag frå Barne-, Ungdoms- og Familiedirektoratet gjennomført ei nasjonal kartlegging, vurdering og anbefaling når det gjeld undervisningsopplegg i barnehage og skule om vald og seksuelle overgrep. Dei har i dette arbeidet blant anna kome med nokre anbefalingar om kva faglege kjenneteikn som bør vere med for å kvalitetssikre eit godt undervisningsopplegg om vald og seksuelle overgrep. Vi har tatt utgangspunkt i desse kjenneteikna i vår framstilling av vårt undervisningsopplegg. Kjenneteikna som RVTS Sør har kome fram til er delt i fire undergrupper: Grunnspørsmål, prinsipp for gjennomføring, kunnskapsmål og handlingsmål.

Grunnspørsmål

Undervisningsprogrammet vårt er skildra med kunnskapsmål, handlingsmål, pedagogisk metode og teorigrunnlag. Undervisninga er gratis og vert gjennomført av to tilsette frå Smiso SF, men lærar og helsesyster er involvert og må alltid vere til stades. Undervisninga varer i to klokkeimar, i tillegg er det sett av tid etter undervisninga dersom barna har spørsmål eller vil snakke med nokon trygge vaksne. Det vil variere kor lang tid ein treng etter undervisninga, alt etter kor mange elevar som vil snakke med dei tilsette frå Smiso og helsesyster. Her må skulen stille med eit eigna rom, gjerne rommet som helsesyster har på skulen. I grove trekk vil tema i undervisninga vere:

- Gode og vonde berøringar
- Gode og vonde følelsar
- Gode og vonde hemmelegheiter
- Kroppen vår, private område, grenser og sex
- Kva er incest, seksuelle overgrep og valdtekt
- Kva er porno, og kva ein kan oppleve på nettet
- Vald i heimen
- Rus i heimen
- Psykisk sjuke føresette
- Skilsmisse
- Kva skal ein gjere og kva hjelp finnast om ein opplev noko vondt og vanskeleg
- Trygge vaksne
- Å vere ein besteven

Prinsipp for gjennomføring

Når barn skal lære noko nytt, er det viktig å aktivere deira forståing. Om ny kunnskap vert integrert med eksisterande kunnskap både lærast og hugsast den betre (Bransford, Brown and Cocking, 2000). Undervisningsopplegget vårt er eit primær- og sekundær førebyggjande tiltak i barneskulen. Vi tilbyr eit aldersadekvat førebyggjande undervisningsopplegg der vårt overordna pedagogiske prinsipp er å dempe frykt og forvirring ved å gje barna kunnskap om seksuelle overgrep. Vi legg opp til variasjon mellom dialog, monolog og historier frå verkelegheita som metode. Dette bidreg til å halde fokus og konsentrasjon oppe, og til å jobbe med temaet på ulike måtar med ulike innfallsvinklar. På denne måten engasjerer og motiverer vi flest mogleg barn. Vi frigjer barna frå den tradisjonelle strukturen i klasserommet ved at vi sit i sirkel, dette skapar motivasjon og engasjement og alle vert sett, høyrd og respektert. Barna er aktiv deltakar i si eiga læring. Undervisninga er lagt opp trinnvis, slik at vi snakkar om det naturlege og normale før vi kjem inn på det som ikkje er normalen. Det er heile tida rom for spørsmål, undring, repetisjon og ny gjennomgang. Vi er opptekne av at undervisninga skal gjere barna trygge på å kunne snakke med vaksne i etterkant. Undervisninga framhevar fleire gongar at barn alltid er utan skuld i overgrep, og barna får gjennom dette opplegget fleire moglege løysingar dei kan nytte seg av om dei kjem i ein vanskeleg situasjon.

Mange vil sei at det er viktig at undervisninga primært bør gjennomførast av lærarar eller tilsette ved skulen fordi desse har truverd og nærleik til elevane, og at dei kan følgje opp over tid. Vår erfaring gjennom dei åra vi har undervist på skulane, er at tilsette ved skulen er svært positive til at det kjem nokon utanfrå med spisskompetanse og snakkar med elevane om desse emna. Dei formidlar og at dei trur at om dei vert pålagd å snakke med elevane om dette, så tenkjer dei at det ville bli svært personavhengig av korleis dette ville bli lagt fram og kva dei hadde klart å formidle til elevane. Dessverre er det ikkje slik at alle er komfortable med å snakke om desse emna uansett kor mykje opplæring dei får, dette høyrer vi stadig vekk frå lærarane. Sjølv om det er tilsette frå Smiso SF som står for sjølve undervisninga, er kontaktlærarar og helsesyster ALLTID tilstade og har såleis moglegheit til å fange opp signal dersom noko må fylgjast opp i etterkant, om det er med einskilde elevar eller i gruppa. Vi tenkjer difor at det viktigaste er at dei er til stades og deltakande i undervisninga og kan vere trygge vaksenpersonar for elevane som vil trenge det i etterkant.

Leiinga ved skulen og kontaktlærar får informasjonsskriv frå Smiso i forkant av undervisninga (sjå s..) Smiso SF tilbyr og alle skulane ein mal på «Beredskapsplan for førebygging og avdekking av seksuelle overgrep mot barn» (sjå s..). Smiso SF gjev skulen tilbod om kurs/foredrag til alle tilsette. Foredraget heiter; «Fagpersonar si rolle i møte med overgrepssproblematikk». På dette kurset snakkar vi blant anna om;

- At overgrep finst, også rundt deg (omfang)
- Kva er seksuelle overgrep, korleis opplevast det og kva konsekvensar det har



- Korleis skape rom for barn/ungdom til å kunne fortelje
- Vete kva ein skal gjere og kva rolle ein har
- Korleis jobbe førebyggjande på skulen – konkrete tips
- Vere ein signifikant vaksen

Foreldreinvolvering i denne type undervisning er naudsynt og naturleg, slik at foreldre kan støtte opp om undervisninga. I nokre tilfelle (Myhre 2015) er det foreldra som utgjer trusselen mot barnet om vald og seksuelle overgrep. Desse tilfella er det viktig å fange opp tidlegast mogleg. Det er skulen sitt ansvar å utvikle gode rutinar for å ta imot varslar om vald og seksuelle overgrep, og melde bekymringane vidare til barnevernstenesta og helsetenesta. Desse rutinane skal vere godt kjend blant dei tilsette. Dette skal likevel ikkje vere til hinder for prinsippet om foreldreinvolvering. Smiso SF oppmodar skulane om å informere føresette om at elevane kjem til å få undervisning av Smiso, men vi oppmodar om å ikkje sei kva dato vi kjem. Grunnen til det er at føresette kan då velje å halde barnet sitt heime denne dagen av frykt for avdekking. Same dag som undervisninga finn stad får elevane med seg eit informasjonsskriv til føresette (sjå s&). Dei får og med seg ein informasjonsbrosjyre som vi oppmodar elevane til å vise fram til foreldra. Vi oppmodar skulane til å utarbeide ein overordna plan for å inkludere føresette når det informerast og undervisast om vald og seksuelle overgrep.

Klære rutinar for vidare tilvising, varsling og samarbeid med føresette er skulen sitt ansvar. Det er og skulen sitt ansvar å ha planar og strategiar for ivaretaking av elevar i forkant, under og etter undervisninga.

Dersom det kjem fram sakar i etterkant av undervisninga som treng vidare tiltak vil Smiso SF vere ein støttespelar/rådgjevar for skulane og helsesystemet. I avdekkings saker vil Smiso SF vere til stades på skulen, om det er ønskeleg, til aktuelle tiltak er på plass. Smiso SF har fagleg rettleiing frå RVTS Vest, som og kan gje oss fagleg ekspertise i einskildsaker. Vi har og eit tett samarbeid med Barnehuset i Bergen, som kan gje råd i einskildsaker. Barnevernet får og eit informasjonsskriv om når vi har undervisning i deira kommune (sjå s&)

Kunnskapsmål og handlingsmål for undervisninga

Kunnskapsmål for elevane:

- Bidra til at barn torer å seie frå om vald og seksuelle overgrep.
- Bidra til at færre barn opplev vald og seksuelle overgrep.
- Bidra til at barn vert medviten på eiga kropp og eigne grenser, og forstår kva som er overgrep.
- Bidra ved å synleggjere korleis ein person kan oppleve det å vere utsett for vald og overgrep, og til å forhindre dei som potensielt kan forgripe seg på barn.
- Bidra til å plassere ansvaret for valden og overgrepa.
- Bidra til at barna får kunnskap om ulike former for overgrep, og at overgrepa kan bli utført av både vaksne og barn/ungdom.
- Bidra til at barn lærer om kva Barnekonvensjonen seier om vald og overgrep.
- Bidra til å synleggjere kjønnspektivet. Jenter/kvinner vert oftare utsett, og gutar/menn er oftare utøvaren, og det er ofte jamn aldrande og kjærastar som er utøvaren.

Handlingskompetansemål for elevane:

- Bidra til at elevane får auka handlingskompetanse og ulike handlingsalternativ.
- Bidra til at barn skal vete kva en skal gjere om ein vert utsett for vald og overgrep, korleis og kva hjelp ein kan få.
- Bidra til at barna skal forstå at dei må ta tak i vonde og vanskelege hendingar, styrke aktørskapet.

Kunnskapsmål for skulen, lærarane og helsesystrene:

Ved at lærarar og helsesysterer er med på det primærførebyggjande opplegget, fører det igjen til sekundærførebygging.

- Bidra til at skulane er i stand til å fange opp signal og symptom, og motivere for å skape gode og trygge elevmiljø i eit førebyggjande perspektiv.
- Bidra til at skulane har kunnskap om seksualitet, kva er naturleg, normalt, problematisk.
- Bidra til at skulane har kunnskap om skadeverknader.
- Bidra til at skulane har kunnskap om kva traume gjer med barn.

Handlingskompetansemål for skulene, lærarane og helsesystemene:

- Bidra til å styrke dei tilsette på skulane sin kompetanse i forhold til korleis ein kan føre ein samtale med barn om overgrep, og korleis snakke med føresette.
- Bidra til at skulane har gode og levande handlingsplanar/prosedyrar ved avdekking av seksuelle overgrep.

Kunnskapsmål for føresette:

Ved at føresette får informasjon om det primærførebyggjande opplegget, fører det igjen til sekundærførebygging.

- Bidra til at føresette vert betre i stand til å beskytte sine barn.
- Bidra til å gjere temaet mindre skam og tabubelagt.

Handlingskompetansemål for føresette:

- Bidra til at føresette i større grad snakkar med barna sine om både seksualitet, grenseoverskridande åtferd, vald og overgrep.

Teorigrunnlag

Smiso SF tilbyr eit primær- og sekundærførebyggjande undervisningsopplegg til alle elevar på 6-steget i Sogn og Fjordane, fordi vi veit at seksuelle overgrep og anna type familievald er eit av samfunnet sine største og mest komplekse problemområde. Omfanget er så stort at Verdens helseorganisasjon (WHO) definerer det som eit folkehelseproblem.

Fysisk, psykisk og emosjonell vald mot barn

I ei nasjonal intervjuundersøking blant 16 og 17-åringar (Myhre et al, 2015), svarte ein av ti (9,6 %) at dei hadde vore utsett for nokon form for fysisk vald frå føresette. Fleirtalet (7,8 %) hadde vore utsett for berre mindre alvorleg vald, medan 1,7 % sa at dei hadde vore utsett for alvorleg fysisk vald. Av dei som hadde opplevd alvorleg fysisk vald frå føresette, hadde 4 av 5 opplevd dette fleire gongar (83 %), og dei aller fleste hadde opplevd mindre alvorleg fysisk vald i tillegg (94,4%). Fysisk vald frå føresette førekom første gang vanlegvis i barnehage- eller småskulealder.

13,4 % av vaksne menn og kvinner melde å ha opplevd at dei gjentekne gonger var blitt gjort narr av, audmjuka, ignorert eller fortalt at dei ikkje dugde til nokon ting i barndommen (Thoresen & Hjemdal, 2014).

10 % av vaksne menn og kvinner seier at dei opplevde fysisk vald mellom foreldra i barndommen (Thoresen & Hjemdal, 2014). Av 17- og 18-åringane i Myhre et al, 2015, rapporterte 3,3 % å ha opplevd vald mellom føresette. Det var stor skilnad mellom kjønna, då 4,5 % av jentene og 1,7 % av gutane melde å ha opplevd vald mellom føresette. Mossige og Stefansen (2007) fant same tendens. Dette underbygg at ein må vere forsiktig med å tolke tala som ein nedgang i førekomst av barn og unge som opplev vald mellom føresette, men heller sjå på det som ei indikasjon på underrapportering frå gutar, eller at eksponerte gutar har vore mindre villige til å delta i undersøkinga (Myhre 2015, s 58).

Overlappinga mellom ulike typar av vald og overgrep er stor. Av dei kvinnene i studia til Thoresen & Hjemdal (2014) som svarer at dei er utsett for alvorleg fysisk vald, svarer over 70 % at dei og er blitt utsett for psykisk vald.

Forskning har i mange år kunne vise at fysisk vald mot dei minste barna kan ha alvorlege, og i verste fall dødelege konsekvensar. Hovudskadar er ei alvorleg følge av barnemishandling, som førekjem oftast hos barn under 2 år. Den vanlegaste skademekanismen ved mishandling er risting, og typiske skadar ved dette kallast "Shaken Baby Syndrom" (Myhre, 2010). Først i løpet av dei siste åra har forskarar starta å studere vald som skjer mellom foreldre og konsekvensar dette har for dei minste barna. Allereie i mors liv risikerer barnet å bli negativt påverka av valden (Macy et. al., 2007). Barn heilt ned i eittårsalderen synar tydeleg negativ respons på det å leve med ein far som utsett mor for vald (Bogat et al., 2006; Dejonghe et al., 2005). Det er fleire rimelege grunnar til at dei minste barna er spesielt

sårbare, fordi dei ofte er i rommet der valdsepisoden skjer, dei har vanskelegare for å forstå og setje ord på det dei opplev og å distansere seg frå valdsepisodane (Graham-Bermann & Edleson, 2001). Dei minste barna kan ha vanskelegare for å skjerme seg frå å sjå og høyre valden samanlikna med eldre barn. Eit lite barn er i stor grad avhengig av omsorgspersonane sin fysiske og psykiske omsorg, og når denne omsorga sviktar, kan implikasjonane bli spesielt store.

Seksuelle overgrep

Seksuelle overgrep mot barn og unge omfattar alle seksuelle handlingar som ein voksen eller eit betydeleg eldre barn utøver mot eit anna barn eller ein ungdom. Samtidig bør det nemnast at eit barn og kan utføre seksuelle overgrep mot eit jamgamalt barn dersom handlinga omfattar ein eller anna form for tvang, sterkt press eller vald (Øverlien, 2012).

I Thoresen & Hjemdal (2014) rapporterte 21 % av vaksne kvinner og nesten 8 % av vaksne menn at dei var blitt utsett for ein eller anna form for seksuelt overgrep før 18-årsalderen. Myhre et al (2015) konkluderer vidare at det er nesten berre menn som utfører seksuelle overgrep. Jentene er langt meir utsett for slike overgrep enn gutane. Og det er jentene som har den største totalbelastninga av vald og overgrep. Vald og seksuelle overgrep heng saman med fleire typar helseproblem hos ungdom, og kan sjåast på som eit folkehelseproblem.

Konsekvensar

Studiar synar at ungdom og vaksne som har blitt utsett for vald og seksuelle overgrep rapporterer klart dårlegare fysisk og psykisk helse enn dei som ikkje har vore utsett for vald og seksuelle overgrep (Thoresen & Hjemdal, 2014; Blindheim, 2010; Øverlien, 2010; Mossige & Stefansen, 2007; Wolfe, Crooks, Lee, McIntyre-Smith & Jaffe, 2003). Generelt vil ungdom som opplev vald og seksuelle overgrep ha ein høgare risiko for å utvikle somatiske, psykologiske, åtferdsmessige og kognitive lidingar og funksjonsvanskar. Eksemplar på dette kan vere uro, angst, aggressiv åtferd, låg sjølvkjensle, depresjon og sjølvskading. Studiar har og vist at barn og unge som har opplevd traumatiske opplevingar, har auka risiko for å utvikle posttraumatisk stressforstyring (PTSD) samanlikna med andre barn og unge (Griffing et al., 2006; Card, 2005). Myhre et al (2015) argumenterer for at vald og overgrep i barndommen er nært forbundet med følelsar av skam og skuld. Skuld- og skamkjensle er igjen assosiert med psykiske helseplager som blant anna angst/depresjon og posttraumatiske stressreaksjonar.

Ved å følgje menneske frå dei er ungdom til dei blir vaksne, har forskarane sett at det å bli utsett for vald, overgrep og omsorgssvikt også har konsekvensar langt inn i vaksenlivet (Kirkengen, 2009; Edwards et al., 2003; Rossman 2000). Studiar syner at vaksne som har vore utsett for vald, overgrep og omsorgssvikt som unge, har auka risiko for sosial isolasjon, overvekt, rusmiddel- og

medikamentmisbruk og kriminalitet. Det er og dokumentert at vaksne og ungdom som ble utsett for vald som barn, har auka risiko for å bli utsett for vald i sine eigne nære relasjonar eller å utsette andre dei har ein nær relasjon til for vald (Ehrensaft, Cohen, Brown et al.; 2003). Å utsettast for vald i barndommen medfører betydelege belastningar i vaksenlivet, både sosialt, relasjonelt, økonomisk og helsemessig (Thoresen & Hjemdal, 2014).

Forskning med bakgrunn i fagområdet kognitiv nevrovitskap, har bidrege til ei stadig større forståing av at det å leve med langvarig frykt, usikkerheit og stress i barndommen er skadeleg. Særleg har skader på hukommelses-funksjonen vore i søkelyset for denne forskinga. Perspektiva på denne forskinga er omtalt både i NOU 5 – 2012: Bedre beskyttelse av barns utvikling, BLD og i Oppvekstrapporten 2013, Bufdir.

Risikogrupper

Forskning syner at vald mot barn skjer i alle sosiale lag, men at førekomsten av vald aukar med låg utdanning, arbeidsløyse og økonomiske problem (Myhre, 2010). Eit viktig funn frå Janson (2011) er at barn i familiar der det førekjem vald, har seks gonger så stor risiko for sjølv å bli utsett for fysisk vald samanlikna med barn som ikkje lev med vald i heimen. Risikoen for fysiske overgrep mot barn aukar og dersom barnet er funksjonshemma (Spencer, 2005), og risikoen er større i familiar som opplev store belastningar med sjukdom eller problemåtfærd hos barnet (Myhre, 2010). Barn og unge som har rusmisbrukande foreldre, blir også oftare utsett for fysisk vald. Det ser og ut som om valden blir grovare og skadane større når valdsutøveren er rusa (Pape, 2011). Barn som lev med foreldre med psykiske lidingar, har auka risiko for å bli utsett for vald (Finkelhor, Ormod & Turner, 2007).

Førebygging

Det råder brei semje blant forskarar, praktikarar og dei som tek avgjersler om at førebygging av vald og seksuelle overgrep mot barn og unge er både mogleg og viktig (En god barndom varer livet ut, Tiltaksplan 2014-2017, BLD, Barndommen kommer ikke i reprise, Strategiplan 2014-2017, BLD, Glad et al., 2010, Saur et al., 2011).

Frå eit individuelt perspektiv er det utan tvil viktigare å førebygge gjennom universelle og selektive tiltak enn å behandle, dersom førebygginga inneber at valden og overgrepa kan forhindrast.

Vårt universelle førebyggande program, som gjennomførast i skulen, har som mål å redusere vald og seksuelle overgrep mot barn, og å auke avdekkinga av vald og seksuelle overgrep gjennom å gje barna kunnskap og evne slik at dei kan unngå potensielle overgrepssituasjonar. I litteraturen framhevast skulen som ein god arena for førebyggande arbeid, og det føreligg også definerte kompetansemål om at skulen skal drive med førebyggande arbeid mot vald og seksuelle overgrep. På skulen når vi alle barn og unge på tvers av rase, etnisitet og sosioøkonomisk status. Eit viktig poeng frå forskinga er at skuleprogram åleine ikkje kan hindre vald og seksuelle overgrep mot barn. Det er viktig at førebygging skjer bredt, der valdsførebyggande skuleprogram kan vere eit av fleire verkemiddel og tiltak (Wurtele 2009).

Til rektor

FØREBYGGJANDE UNDERVISNING

Senter mot incest og seksuelle overgrep Sogn og Fjordane (Smiso SF) tilbyr førebyggjande undervisning til 6-steget i grunnskulane i Sogn og Fjordane. Vi arbeidar med å synleggjere problematikken og drive førebyggjande arbeid retta mot barn.

Statistikken synar:

- At i ein klasse på 25 elevar er i snitt 3 elevar utsett for seksuelle overgrep.
- 30 – 50 % av seksuelle overgrep vert utført av barn/ungdom.
- 85 % av alle seksuelle overgrep vert utført av ein person i nær relasjon til barnet.

Undervisninga er fyst og fremst eit helsefremjande og førebyggjande tiltak retta mot barn innan problematikken incest og seksuelle overgrep, men vi snakkar og om andre alvorlege tema. Liknande undervisning er godt etablert i andre fylker i landet. Undervisninga er evaluert av seniorrådgjevarar frå Barneombodet og det er eit godt og vel utprøvd undervisningsopplegg.

Det er viktig å lære barn og unge om seksuelle overgrep. Skulen er ein god arena der vi når dei fleste barn, samstundes som elevane er i eit trygt og kjent miljø. Erfaringar frå mange års arbeid innan problematikken visar at utsette som utviklar store og djuptgåande seinverknadar etter overgrep, er dei som ikkje har fortalt om overgrepa eller fått hjelp før i vaksen alder. Dei djuptgåande skadane utviklar seg spesielt i ungdomsåra. Om barn og unge får hjelp i tidleg alder, er det større sjanse for at seinverknadane etter seksuelle overgrep kan verte betrakteleg redusert.

Nokre av våre mål for undervisninga er:

- Å nå barn som har opplevd seksuelle overgrep slik at dei kan få hjelp til å takle egne følelsar, samt sette ord på og gjennomarbeide det dei har opplevd.
- Bevisstgjere og styrke barn mot seksuelle overgrep.
- Ved å synleggjere korleis ein person kan oppleve det å vere utsett for eit overgrep, er vi med på å forhindre dei som potensielt kan forgripe seg på barn.
- Å heve kompetansenivået hos lærarar og andre som arbeidar med barn i forhold til dette temaet.
- Synleggjere for dei som forgrip seg på barn at vi er ute på skulane og snakkar med barna.

Statistikken syner at det vil vere barn i klasserommet som har vore utsett for overgrep eller som lev i overgrep, eller vil møte dette seinare i livet. Desse barna kan då høyre kva klassekameratar og vaksne tenkjer og dermed vil dei lettare kunne våge å opne seg og fortelje kva han/ho opplev.

Her er nokre av områda vi vil setje fokus på:

- Gode og vonde berøringar
- Gode og vonde følelsar
- Gode og vonde hemmelegheiter
- Kroppen vår, private område, grenser og sex
- Kva er incest, seksuelle overgrep og valdtekt?
- Kva er porno, og kva ein kan oppleve på nett?
- Skilsmisse
- Rus- og vald i heimen, psykisk sjuke føresette.
- Kva skal ein gjere og kva hjelp finnast om ein opplev noko vondt og vanskeleg
- Trygge vaksne
- Å vere ein besteven

Råmer for undervisninga:

Det bør setjast av ca. to klokketimar til undervisninga pr. klasse, inkludert ein pause på 15 min. To tilsette frå Smiso SF gjennomfører undervisninga. Det er obligatorisk at kontaktlærer er til stades, og Smiso SF ser det som viktig at helsesyster, eventuelt sosiallærer også deltek. Målet er å gje barna tryggleik i at kjende vaksne har vore til stades under undervisninga og veit kva det er blitt snakka om. Dette vil auke barna sin tryggleik for elevlar som kan ha tankar og spørsmål rundt temaet i etterkant av undervisninga, og for dei elevane som treng å søkje hjelp hos trygge vaksne.

Dei tilsette frå Smiso vil vere tilgjengeleg, saman med helsesyster, etter undervisninga for dei av elevane som ønskjer å snakke med oss.

Kva bør gjerast om eit barn fortel at det har vore/er utsett for overgrep?

Det er forholdsvis sjeldan det skjer avdekking av seksuelle overgrep under sjølve undervisninga, då terskelen for å fortelje er høg hos dei fleste barn. Likevel meiner vi at undervisninga kan vere med på å senke terskelen for utsette barn, då dei får kunnskap om at seksuelle overgrep ikkje er lov og dei kan kjenne seg igjen i det som vert drøfta.

Senteret får ofte telefonar frå lærarar eller andre som arbeidar med barn og unge. Mange er engstelege fordi dei følar at dei ikkje strekkjer til eller ikkje veit kva dei skal gjere når barn fortel om seksuelle overgrep. Smiso SF ønskjer difor å bidra med kunnskap og erfaring.

Dersom eit barn fortel om overgrep er det viktig å få oversikt over barnet sin situasjon.

Den vaksne si viktigaste rolle i samtale med barnet er:

1. Lytte til det barnet formidlar og bekrefte barnet sine kjensler og opplevingar av situasjonen.
2. Anerkjenne det barnet fortel, og støtt det i kor riktig og viktig det er at barnet vågar å fortelje kva det har opplevd.

3. Formidl at slike opplevingar skal barn ikkje handtere aleine, og at vaksne no vil ta ansvar vidare for at barnet skal få hjelp.

Noko viktig informasjon må kartleggjast:

1. Lev barnet i overgrepa no?
2. Kven utsett barnet for overgrep?
3. Kven bur barnet saman med?

Kva som skjer vidare er avhengig av informasjonen barnet gjev. Er barnet i ein akutt faresituasjon skal politi og barnevern kontaktast. Om situasjonen ikkje vert vurdert som kritisk, men som ein uro skal barnevern kontaktast (Lov om barneverntenesta § 6-4, jfr straffelova § 139)

Barnevernet i kommunen vil få informasjon når vi har undervisning i deira kommune. Dette gjer vi for at barnevernstenesta skal vere førebudd.

Om ønskjeleg vil Smiso SF også kunne tilby den enkelte skule undervisning for skulen sine tilsette og helsesyster. Vi har og ein handlingsplan som skulane kan bruke som mal eller som utgangspunkt for å lage sin eigen. Ta kontakt om de vil ha denne tilsendt.

Har dykk spørsmål, så ta gjerne kontakt med oss på tlf: 57 72 10 70

Senter mot incest og seksuelle overgrep i Sogn og Fjordane.

Chatrine Elholm
-dagleg leiar-

Siri Helene Olsen
-fagleg rådgjevar-

Trude Merete Lundekvam
-fagleg rådgjevar-

Siv Holme
-fagleg rådgjevar-

Til kontaktlærer

SKULEN SI FØREBUING TIL FØREBYGGJANDE UNDERVISNING

1. Informere heimen om at det vil bli undervisning frå Smiso SF den aktuelle perioden, MEN ikkje om kva dato Smiso SF kjem.
2. Plasser stolane i ring midt på golvet, med stolar nok til elevane, lærar, helsesyster/ sosiallærer og to tilsette frå Smiso SF.
3. Kopiere opp vedlagte foreldreskriv på førehand, for utdeling etter undervisninga.
4. Sørgje for at Smiso SF og helsesøster har tilgang til eit ledig kontor/samtalerom etter undervisninga. Dette fordi vi gjev tilbod til elevane om ettersamtale for dei som ønskjer det.

Har du spørsmål, eller ønskjer kontakt med oss er vi å treffe på tlf.: 57 72 10 70
Senter mot incest og seksuelle overgrep i Sogn og Fjordane.

Chatrine Elholm
-dagleg leiar-

Siri Helene Olsen
-fagleg rådgjevar-

Trude Merete Lundekvam
-fagleg rådgjevar-

Siv Holme
-fagleg rådgjevar-

Til Foreldre/Føresette

Senter mot incest og seksuelle overgrep Sogn og Fjordane (Smiso SF) arbeidar førebyggjande og held undervisning i grunnskulane i fylket. Undervisningsopplegget er evaluert og godkjent av Seniorrådgjevarar frå Barneombodet. Dei siste års media fokusering synar eit skremmande bilete av overgrep mot barn. Nesten dagleg rullar nye overgrepssaker over TV skjermen, vi kan lese om det i avisa eller høyre om det i radio. Omfanget av seksuelle overgrep er i dag så omfattande at Verdens helseorganisasjon (WHO) definerer det som eit folkehelseproblem.

Seksuelle overgrep, vald og krenking av barn og unge vekker sinne og avsky hos dei fleste av oss. Det er ein kriminell handling, som kan skade barnet sin utvikling kognitivt, emosjonelt og sosialt og gje barn og unge varige skadar. Vi ser ei urovekkande auke i omfang av seksuelle overgrep blant barn og unge på grunn av bruken av sosiale media og internett. Det er viktig at barn og unge får kunnskap og informasjon om overgrep og vald, og at dei veit kva dei skal gjere og kvar dei kan søkje hjelp om naudsynt. Statistikken synar at dersom utsette barn og unge får hjelp i tidleg alder, vil det vere med på å redusere seinverknadar.

Her er nokre av områda vi har hatt fokus på:

- Gode og vonde berøringar
- Gode og vonde følelsar
- Gode og vonde hemmelegheiter
- Kroppen vår, private område, grenser og sex
- Kva er incest, seksuelle overgrep og valdtekt?
- Kva er porno, og kva ein kan oppleve på nett?
- Skilsmisse
- Rus- og vald i heimen, psykisk sjuke føresette.
- Kva skal ein gjere og kva hjelp finnast om ein opplev noko vondt og vanskeleg
- Trygge vaksne
- Å vere ein besteven

Undervisninga har hatt ei varigheit på to timar i open dialog med barna. Kontaktlærar og helsesyster har vore til stades ved undervisninga.

Har du spørsmål, eller ønskjer kontakt med oss er vi å treffe på tlf: 57 72 10 70

Senter mot incest og seksuelle overgrep i Sogn og Fjordane

Chatrine Elholm
-dagleg leiar-

Siri Helene Olsen
-fagleg rådgjevar-

Trude Merete Lundekvam
-fagleg rådgjevar-

Siv Holme
-fagleg rådgjevar-

Til Barnevernstenesta

INFORMASJON OM FØREBYGGJANDE UNDERVISNING FOR SJETTE-STEGET I GRUNNSKULEN I SOGN OG FJORDANE

Vi vil med dette informere om at Smiso (Senter mot incest og seksuelle overgrep Sogn og Fjordane) driv førebyggjande undervisning i sjetteklassane ved skular i dykkar kommune.

Skulane er informert om at barnevernstenesta får informasjon om undervisninga. Dette for at de kan vere førebudd ved ein eventuell sak som fell inn under dykkar myndigheit, eller ved at skulane, pårørande eller andre tek kontakt.

Det blir sett av to klokketimar til sjølve undervisninga, der kontaktlærer og helsesyster vil vere tilstade. Undervisninga er lagt opp som ein dialog mellom barna og dei tilsette frå Smiso SF.

Her er nokre av områda vi vil setje fokus på:

- Gode og vonde berøringar
- Gode og vonde følelsar
- Gode og vonde hemmelegheiter
- Kroppen vår, private område, grenser og sex
- Kva er incest, seksuelle overgrep og valdtekt?
- Kva er porno, og kva ein kan oppleve på nett
- Skilsmisse
- Rus- og vald i heimen, psykisk sjuke føresette.
- Kva skal ein gjere og kva hjelp finnast om ein opplev noko vondt og vanskeleg
- Trygge vaksne
- Å vere ein besteven

Dei tilsette frå Smiso vil vere tilgjengeleg, saman med helsesyster, etter undervisninga for dei av elevane som ønskjer å snakke med oss.

Erfaringar frå mange års arbeid innan problematikken visar at overgrepsutsette som utviklar store og djuptgåande seinverknadar etter overgrep, er dei som ikkje har fortalt om overgrepa eller fått hjelp før i vaksen alder. Dei djuptgåande skadane utviklar seg spesielt i ungdomsåra. Om barn og unge får hjelp i tidleg alder, er det større sjanse for at seinverknadane etter seksuelle overgrep kan verte betrakteleg redusert.

Nokre av våre mål for undervisninga er:

- Å nå barn som har opplevd seksuelle overgrep slik at dei kan få hjelp til å takle eigne følelsar, samt setje ord på og arbeide med det dei har opplevd.
- Bevisstgjere og styrke barn mot seksuelle overgrep.
- Ved å synleggjere korleis ein person kan oppleve det å vere utsett for overgrep, er vi med på å forhindre dei som potensielt kan forgripe seg på barn.
- Heve kompetansenivået hos lærarar og andre som arbeidar med barn i forhold til dette temaet.
- Synleggjere for dei som forgrip seg på barn at vi er ute på skulane og snakkar med barna.

Ønskjer dykk ytterlegare informasjon, så ta gjerne kontakt på tlf: 57 72 10 70

Chatrine Elholm
Dagleg leiar

BEREDSKAPSPLAN

For forebygging og avdekking av seksuelle overgrep mot barn

for _____ skule

Målet med denne beredskapsplanen er å forebygge og avdekke seksuelle overgrep mot barn som er tilknytt _____ skule.

Planen skal sikre tilstrekkeleg kunnskap om seksuelle overgrep mot barn, god kjennskap til dei rutinar og prosedyrar som ligg i denne beredskapsplanen, og skape grunnlag for ein open dialog om temaet både mellom dei tilsette, men også mellom tilsette og føresette til skulen sine elevar. Planen skal også ivareta dei vurderingar som må gjerast etter at eit overgrep er meldt.

Ein open dialog om seksuelle overgrep mot barn vil skape tryggare ramar for barna, og ein føreseieleg og trygg arbeidsplass for tilsette.

Følgjande praksis og rutinar har vi på _____ skule

Kunnskap og øvingar:

1. Alle tilsette skal ha ein obligatorisk gjennomgang av beredskapsplanen ved tilsetting.
2. Alle tilsette skal gjennomføre e-læringskurset «Vold og seksuelle overgrep mot barn»¹
3. Skulen skal regelmessig gje dei tilsette fagleg oppdatering om temaet seksuelle overgrep mot barn, ved intern eller eksterne kurs.
4. Skulen skal øve på å gjennomføre denne beredskapsplanen. Minimum ein gong per år.

Beredskapsgruppe:

1. Skulen har ei eiga ansvarleg beredskapsgruppe for seksuelle overgrep mot skulen sine elevar.
2. Rektor er ansvarleg for gruppa.

¹ Kurset er gratis tilgjengeleg på nett på <http://helsekompetanse.no/kurs/vold-og-seksuelle-overgrep-mot-barn>

Kurset har oppgåver som skal løysast og det skrivast ut kursbevis når deltakar har gjennomført og bestått. Kurset er gratis tilgjengeleg på nett på <http://helsekompetanse.no/kurs/vold-og-seksuelle-overgrep-mot-barn>

Kurset har oppgåver som skal løysast og det skrivast ut kursbevis når deltakar har gjennomført og bestått.

Samarbeidspartnarar:

Ei magekjensle på at noko ikkje er som det bør vere, skal diskuterast med nokon som har god kompetanse. Det er viktig å søke råd tidleg. Gode samarbeidspartar må etablerast før ei hending oppstår. Barnevern og politi skal tilby rådgjeving utan plikt til å gje opp barnet sine personalia. Nokre kommunar har eigne konsultasjonsteam med spesialkompetanse på seksuelle overgrep mot barn. Alle kommunar skal vere kopla til eit barnehus.

1. Ved mistanke som krev fagleg konsultasjon har skulen ein avtale med
 - a. _____ Barnevern Tlf: _____
 - b. _____ Politi Tlf: _____
 - c. _____ Konsultasjonsteam Tlf: _____
 - d. _____ Barnehus Tlf: _____
 - e. _____ Smiso SF Tlf: _____

Plikt til å varsle barnevernstenesta har ein når «det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen eller det føreligg andre formar for alvorleg omsorgssvikt» (barnevernloven § 6-4). Ei magekjensle som kan støtte seg på ein einskildtuttaling, einskildhandling el. er tilstrekkeleg for at ein har grunn til å tru .

2. Melding om uro skal meldes til barnevernet i _____
Kontaktperson: _____ Tlf: _____

Politiet skal varslast i akutte situasjonar. Avvergeplikta følgjer av straffelova § 139. Vurderer ein at det er fare for at barnet mest sannsynleg vil kunne utsetjast for (nye) overgrep ved å ikkje gripe inn, er det straffbart å unnlate å varsle politiet.

3. Akutte situasjonar som krev varsling av politi skal varslast til politiet i _____
Kontaktperson: _____ Tlf: _____

Det kan også vere lurt å ha etablert ein dialog med andre fagpersonar i kommunen, der ein kan hente råd. Dette kan for eksempel vere: lege, helsestasjon, tannhelsetenesta o.l.

4. Andre samarbeidspartnarar:

Kontaktperson: _____ Tlf: _____

Kontaktperson: _____ Tlf: _____

Kontaktperson: _____ Tlf: _____

Førebyggjande arbeid:

1. Skulen skal ha utarbeidd etiske retningslinjer for tilsette og andre tilknytte personar, som omhandlar voksen sine relasjonar med barn.²
Dei etiske retningslinjene må underskrivast av alle tilsette og personar som har ansvar for barn i aktivitetar i skulen sine regi.
2. Skulen skal ha undervisning om seksuelle overgrep for alle elevar kvart år som er tilpassa deira alder.³
Barna skal lære om gode og vonde følelsar, ulovlege hemmelegheiter og berøringar etc.⁴
3. Skulen skal informere elevane og elevane sine føresette om denne beredskapsplanen, både ved skulestart og på foreldremøte, minimum ein gong per år.
4. Denne beredskapsplanen skal vere lett tilgjengelege på skulen si heimeside.

Ved uro:

- Informer rektor - ikkje involver anna personale før etter avtale.
- Før loggbok - noter observasjonar.
- Er du usikker; konsulter ein av dei instansar som er nemnd i denne beredskapsplanen. Ikkje vent for lenge før du/dykk konsulterer andre.
- Rektor melder uroa til barnevernet. Du har ei sjølvstendig varslingsplikt dersom rektor ikkje varslar, og du framleis meiner at det er grunn til å tru at barnet er utsett for seksuelle overgrep.
- Barnevernet har det koordinerande ansvaret.
- Skulen sitt personale er ikkje etterforskarer. Ikkje still leiande spørsmål.
- Lytt til barnet og vis at du tek barnet på alvor. Unngå å styre samtalen. Gjenta utsegn som barnet kjem med, slik at barnet evt. kan korrigere om du har forstått feil. Noter ned barnets sine utsegn eller anna, etter samtalen.

²Sjå Redd Barna sitt forslag til etiske retningslinjer (www.reddbarna.no/jegerher/etiskeretningslinjer/skole)

³Forslag til litteratur: Vold og seksuelle overgrep – barnetrinnet, og Vold og seksuelle overgrep – Ungdomstrinnet. Dette er eit undervisningsopplegg frå Stiftelsen Det er mitt valg. www.determittvalg.no

Forslag til undervisning: Undervisning frå Smiso SF (Senter mot incest og seksuelle overgrep Sogn og Fjordane).

⁴Forslag til litteratur: Jeg er meg, min meg – Eli Rygg og Margrethe Wiede Aasland (høyskoleforlaget 2009).

- Ver ærleg i forhold til det som skal skje. Ver realistisk.
- Lov aldri noko du ikkje kan halde – ein må aldri love barnet teiing om det ein får vite.
- Gløym ikkje søsken.
- Førebu deg mentalt og kjenslemessig på at barnet kan lette seg til deg.

Om akutte overgrep oppstår:

Ta kontakt med rektor som kontaktar politiet.

1. Ikkje skift klede på barnet.
2. Eventuelt brukte klede pakkast inn i papir – ikkje plast!
3. Ikkje bad eller vask barnet.

Øvingar:

Øvingar skal gjerast med jamne mellomrom. Det skal øvast på eit eller fleire førebudde scenario der:

1. Det mistenkast at eit barn er utsett for seksuelle overgrep av eit familiemedlem.
(Foreldre/steforeldre/søsken/ste-søsken/besteforeldre/ onkel/tante/ fetter/kusine o.l.).
2. Det mistenkjast at eit barn er utsett for overgrep frå ein person utanfor familien.
(Nabo/venn av foreldre/trenar/leiar i trussamfunn/symjelærar o.l.).
3. Det mistenkjast at ein tilsett utsett eller har utsett eit eller fleire barn på skulen for overgrep.

Når eit overgrep er meldt:

Allereie i den innleiande fasen når eit overgrep er meldt til barnevernstenesta eller politi, er det behov for å planleggje kva tiltak som må setjast i gong. Det må gjerast, etter skjøen, ei vurdering av dei ulike problemstillingane avhengig av overgrepet sin karakter.

- Beredskapsgruppa følgjer opp kontakt med føresette til dei elevane det vedkjem.

Problemstillingar som må vurderast og øvast på:

1. Ivaretaking av eleven
 - a. Har eleven særskilde behov som må ivaretakast? Det skal vurderast i samarbeid med politi/barnevern/føresette/PPT /andre fagfolk
 - b. Når skal eleven tilbake på skulen?
 - c. Tiltak når eleven kjem tilbake i klassen/informasjon til klassen
2. Orientering/informasjon til andre
 - a. Skulen sine tilsette
 - b. Føresette til skulen sine andre elevar – skriftleg/munnleg
 - c. Andre elevar ved skulen

Ansvar:

A. Mistanke eller avdekking av seksuelle overgrep i barn sine nære relasjonar

	TILTAK	ANSVARLIG	STØTTE	GJEREMÅL	HJELPEMIDDEL
1	Ta imot og vurdere mistanke om seksuelle overgrep				
2	Sjå etter teikn på seksuelle overgrep				
3	Melding til barnevernet om seksuelle overgrep				
4	Melding til politiet om seksuelle overgrep				
5	Informasjon til heimen om seksuelle overgrep				
6	Følgje opp tilsette				
7	Følgje opp barnet				
8	Melding om overgrep				

B. Mistanke eller avdekking av seksuelle overgrep utført av tilsett

	TILTAK	ANSVARLIG	STØTTE	GJEREMÅL	HJELPEMIDDEL
1	Ta imot og vurdere mistanke om seksuelle overgrep				
2	Sjå etter teikn på seksuelle overgrep				
3	Ta imot innrømming				
4	Behandling av mistanke				
5	Informere utsette barn sine føresette				
6	Informere og involvere tilsette				
7	Følgje opp barnet				
8	Informere andre føresette				
9	Foreldremøte				
10	Informere barna				
11	Mediehandtering				
12	Melding ved seksuelle overgrep				